

## Informasjonsskriv om skulefritidsordninga for skuleåret 2020/2021.

### Målsetjing

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

Skulefritidsordninga er knytt til Bokn skule og eigd av Bokn kommune. Opptaket vert gjort på skulen etter søknad om plass.

Skulefritidsordninga er for elevar i 1.-4. trinn, og for barn med særskilde behov til og med 7. trinn. Alle som søker innan søknadsfristen 1. mars får plass. Dei som søker etter fristen får plass dersom det er kapasitet på skulen. Stadfesting på plass vert sendt ut når det er tildelt plass.

Barnet beheld plassen til det er ferdig med 4. trinn eller til plassen vert sagt opp skriftleg og oppseiingstida har gått ut. Oppseiingstida av plassen i skulefritidsordninga er to månader.

Utgiftene til skulefritidsordninga vert dekkja gjennom eigenbetaling frå føresette. Kommunestyret fastsett betalingssatsane, og det vert krevd betaling for 10 månader i året. Det vert gitt søskenmoderasjon med 30% reduksjon i betalinga frå og med barn nummer to. Søkerar med bruttoinntekt under 3G kan søkje om redusert foreldrebetaling. Barn med særskilte behov i 5.-7. trinn har friplass.

Skulefritidsordninga er stengd i perioden f.o.m 15. juli t.o.m 14. august kvart år. SFO er stengd jul- og nyttårsaftnen og onsdag før skjærtorsdag. I tillegg har SFO stengt fem kurs/planleggingsdagar i løpet av eit skuleår. Opphaldstida i SFO på skuledagar er frå klokka 07:00 til skulestart 08:20, frå skuleslutt til 16:30. På dagar der det er skulefri har SFO opphaldstid frå 07:00 til 16:30. Tilbodet kan i ferieperiodar bli gitt i samarbeid med barnehagen.

Kommunen har fylgjande tilbod:

<b>SFO alternativ</b>	<b>Pris pr. måned</b>
Alle skuledagar og fridagar (7:00-16:30)	3591 + 246 = <b>3837,-</b>
Alle skuledagar (7:00-16:30)	2391 + 209 = <b>2600,-</b>
Full dag 3 dagar (7:00-16:30)	1559 + 121 = <b>1680,-</b>
Lang ettermiddag 5 dagar (skuleslutt-16:30)	<b>1884,-</b>
Lang ettermiddag 3 dagar (skuleslutt – 16:30)	<b>1326,-</b>
Kort dag 5 dagar (skuleslutt – 14:10)	<b>548,-</b>
Morgen + kortdag 5 dagar (7:00-14:10)	1244 + 209 = <b>1453,-</b>

**Satsane frå dette skuleåret (19/20) er ikkje endra. Dette blir eiga sak i formannskapet i vår. Det blir sendt informasjon om eventuelle endringar, så snart dei er klare.**

Skuleåret 2020/21 sluttar småskulesteget skuledagen på fylgjande tider :

Måndag og torsdag kl 12:15

Tysdag kl 14:10

Onsdag kl 13:15

Fredag kl 13:00

Påmeldingar, endring av plass og oppseiingar skal meldast via søknadsportalen <https://skole.visma.com/bokn>

**Merk at søknadsfristen er 1. mars**

- Logg på med ID
- Ved navnet til barnet: «Meld på SFO»
- «Søk SFO»
- Velg startdato 1. august (**fyrste skuledag er 17.08 for skuleåret 20/21**)
- Velg SFO-tilbod
- Skriv eventuelle kommentarer. Vekedagar ved 3 dagarsplass
- Les og bekreft av vedtektene er lest
- Klikk på «send»

10 betalingsterminar kvart skuleår, første betaling i august.

**All påmelding, endring av plass og oppseiing skal gjerast i Visma.**